

Gaular kommune

Kontoret for Landbruk/Næring

Landbruksdepartementet

Postboks 8001 Dep.
0030 OSLO

Saksnummer	
03.2997	76
Dato	
11.12.2003	ASR/BS
Til	
TIN	486

Saksnr. Arkivkode
03/00856 220 V10
Dykkar referanse: 200302997-/TIN

Journalnr.
6497/03

Sakshandsamar
JMO

Dato
10.12.2003

Høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vedlagt følger uttale frå Gaular kommune.

Med helsing


Jon Moldestad
næringssjef

Møtebok for Gaular kommune

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
054/03	Plan- og utvikling - landbruk/næring	04.12.03

TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET - HØYRING

Arkiv: 220 V10
 Saksmappe: 03/00856-2
 Sakshandsamar: Jon Moldestad
 Dato: 08.12.2003

Handsama i: Plan- og utvikling - landbruk/næring - 04.12.2003

Framlegg til uttale vart utdelt til drøfting på møtet.

Plan- og utvikling - landbruk/næring sitt vedtak 04.12.2003

Det vart vedteke å sende følgjande høyringsuttale frå Gaular kommune v/ Utval for plan- og utvikling, landbruk/næring:

Stortinget vedtok i samband med handsaming av St.meld. nr. 1 (2001-2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet- regionalt og lokalt nivå*, at ei rekkje nye oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane.

Som ledd i oppfylgjinga av dette ligg det no føre 2 forskrifter til høyring i m.a. kommunane. Opplegget har mange positive sider ved seg.

Ein av intensjonane med ordninga er å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet og gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver og samstundes bidra til betre målretting og effektivisering av statleg verkemiddelbruk.

Ein av føresetnadene for at kommunane får tildelt midlar er at det føreligg godkjende fleirårige tiltaksstrategiar. Men dette føreset at kommunane er økonomisk i stand til å ha den kapasitet og kompetanse i i administrasjonen som trengst til dette arbeidet. Meirarbeidet for kommunane vert i noka mon teke omsyn til ved at storleiken på rammeoverføringane basert på landbruksforvaltning til kommunane er justert noko opp. Men denne oppjusteringa er, så langt vi kan sjå, i realiteten ei oppgradering som burde vore gjort årleg over fleire av dei siste åra. Det ser såleis ut til at kommunane enno ein gong må ta på seg oppgåver utan å få kompensert for meirutgiftene på ein fullgod måte.

Merknader til:

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket :

- lag og organisasjonar bør kunne søkje tilskot etter denne forskrifta
- gardsbruk som ikkje er i drift bør også kunne søkje slikt tilskot .

Forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket:

Generell merknad:

Det ville vere naturleg at det i båe forskriftene vert synt til dei kommunale tiltaksstrategiane. På same vis som det i "Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket" § 8 er synt til at kommunen skal fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknader, bør ein liknande ordlyd kome med i "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket". Fellestiltak og samarbeidstiltak bør framleis premierast i tilskotssamanheng. Dette bør nemnast som ei oppmoding også i denne forskrifta.

Til § 1-2 Virkeområde m.m.

Mange veganlegg har meir enn eitt års byggjetid, og tilsvarande periode for løyving og utbetaling av tilskot. For veganlegg som no er under bygging, vil andre leden i § 1-2 skape vanskar ved at det står at det berre kan gjevast tilskot til tiltak som vert gjennomførde etter at forskrifta er sett i kraft.

Kommunen ber om at det vert innført overgangsordningar for skogsvegar som er under bygging, slik at desse kan fullførast utan unødige forseinking.

Til kap. 2. Tilskudd til skogkultur.

Første leden opnar for å gje tilskot til oppbygging av kvalitetsskog. Det er stor skilnad på kva typar skog som er kvalitetsskog t.d. i Østfold, Nord-Østerdalen og midtre vestlandske fjordstrok. I sistnemnde område er planta gran av tilpassa proveniens kvalitetsskog. Då verkar det lite logisk å setje forbod mot å gje tilskot til det mest kvalitetsfremjande og verdiskapande tiltaket innan skogkulturen, nemleg planting. Eit ikkje ubetydeleg arbeid er lagt ned i å finne dei kvalitativt beste granbestanda på Vestlandet og lage frøavlsplantasjar med materiale frå desse bestanda. Det verkar meningslaust å fjerne stimulansen til å nytte "fruktene" av dette avlsarbeidet. For skogreisingsstroka, der skogavgifta førebels har avgrensa effekt, vil dette slå sterkt ut, og redusere dei langsiktige investeringane i skogen, og i sin tur vil det få negative følgjer både for hogstkvantumet og for kvaliteten.

Eit ynskje om styrka lokalpolitisk engasjement må ikkje kvelast gjennom at lokal kunnskap om kvalitetsproduksjon ikkje kan nyttast.

Kommunen ber om at forskrifta vil opne for høve til å gje tilskot til planting og såing. Det kan t.d. setjast krav til bonitet som det kan plantast på med rett til tilskot.

Til kap. 3. Tilskudd til veibygging.

Kommunen ser det som positivt at heilskapsløysingar for betre utnytting både av skog- og utmarksressursane er nemnt, ei stadfesting av at alle verdiar knytt til utmark har aukande næringsmessig betydning. Men samstundes må då desse verdiane kunne reknast med i det økonomiske grunnlaget for å byggje veg.

"Villmarksprege område", slik definisjonen lyder, gjev seg i vår del av landet, med den topografi som her er dominerande, til tider dei merkelegaste utslag, og klausulen i §3-1, 2. leden vert tidvis utan fornuftig mening. Definisjonen burde snarast gjerast om, og relaterast til t.d. samanheng i landskap eller naturkvalitet.

Til kap. 5. Tilskudd til andre tiltak i skogbruket.

Generelt.

Det er brei semje om å auke aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen. Men forskrifta set forbod mot å gje tilskot til skogsdrift med taubane. Her er mykje bratt og vanskeleg skogsterreng der det står store mengder kulturskog av gran, men også mykje hogstmoden naturskog, både furu- og lauvskog. Ut frå kjend teknikk er det berre berre 2 realistiske måtar

å hauste desse skogressursane på, anten ved hjelp av vegbygging eller ved bruk av taubane. Bortfall av tilskot til taubanedrift vil, ved sida av å sannsynlegvis rasere det økonomiske grunnlaget for det vesle taubanemiljøet som er att hos oss, auke trongen for vegbygging. Totalt er det då grunn til å ottast at hogsten vil gå ned, med negativ konsekvens for trebasert verdiskaping.

At tilskot til tømmerdrift med hest er gjeven eigen omtale, kan ha ein positiv signaleffekt. Men realismen i at hesten skal stå for nokon vesentleg del av tømmertransporten i dei bratte liane her vest er ikkje tilstades.

Den desidert viktigaste problemstillinga når det gjeld tilskot til vegbygging er **føringane for at ikkje meir enn 50% av skogtilskotet det enkelte år i den enkelte kommune skal gå til skogsvegar**. Denne regelen finn ein ikkje i forskrifta, men i høyringsbrevet, og i tillegg er den klart uttalt i statsbudsjettproposisjonen. Dette er ein regel som vil bli både vanskeleg og byråkratisk å administrere. Den sterkaste innvendinga er likevel at kommunen ikkje vil få høve til å setje inn midlane på dei områda der det er trong for dei det enkelte år. Store, kostbare felleanlegg, med vekt på heilskapsløysingar, vil då bli vanskelege å gjennomføre. Med knappe løyvingar samla og enkelte store vegprosjekt som skal realiserast, vil det i mange høve vere rett å nytte størstedelen av midlane til skogsvegar fleire år på rad, og deretter eventuelt prioritere andre føremål. Det "heng att" fleire større vegprosjekt, der skogeigar er førespegla tilskot dei førstkomande åra. Med 50%-regelen strengt handheva vil det ikkje vere mogeleg å realisere finansieringa av desse veganlegga slik skogforvaltninga tidlegare har lagt opp til. Den svekka skogavgifta vil ikkje ha nemnande effekt på vegbygging i samband med hogst.

Miljøprofil på vegbygging kan ivaretakast gjennom eksisterande godkjenningsordning og streng prioritering av vegmidlane.

Vi ber om at denne avgrensinga i kommunen sin fridom til å nytte tilskotsmidlar til det føremålet kommunen sjølv kjenner best, **ikkje** vert sett i verk. Når kommunen tek over pliktene, må også rettane fylgje med.

Subsidiert kan kommunen sjå føre seg ei ordning der kommunen sjølv avgjer kva nærings- og miljøtiltak som skal oppnå tilskot det einskilde år, men der ein over tid likevel skal leggje vinn på ein rimeleg balanse mellom føremåla skogkultur, vegbygging, miljøtiltak i skog og andre tiltak i skogbruket.

Utskrift sendast til : Landbruksdepartementet. Postboks 8007 Dep. 0030 Oslo

- I TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK DET KONGELEGE LANDBRUKSDEP
I LANDBRUKET OG TIL NÆRING- OG
MILJØTILTAK I SKOGBRUKET -
HØYRING
- S TILSKOT TIL SPESIELLE MILJØTILTAK
I LANDBRUKET OG TIL NÆRING- OG
MILJØTILTAK I SKOGBRUKET -
HØYRING